

# Kyrkjeblad for Fjaler

nr.3 desember 2021

79. årgang



Til høgtid no seg samle i Jesu Kristi namn  
dei unge med dei gamle og haste i hans famn!  
Han sjølv er jolegåva, vår lyst og livsens sol,  
me honom høgt vil lova, med honom held me jol.

Hans Adolph Brorson 1732

god jul og  
godt nytt år!

# EI KROPPSLEG JUL

Det vart ein underleg julafstan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vær og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne julen. Kom gjerne på julafstan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg.

Nokon av oss har det slik i julen at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko etterhald.



Foto bjørgvin bispedøme

Så når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vær trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dele dagane dine med deg. For etter den første julen, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ein glad og velsigna jul!

Halvor Nordhaug

Biskop i Bjørgvin

# På kyrkjebakken

## Bønering

Vi fortsetter med bønering annakvar torsdag (partalsveker) kl. 11.00. Synest du bøn er godt i kvardagen? Ber du i ny og ne, kanskje dagleg, og synest det kan vere godt å be saman med andre? Eller kanskje du har tankar rundt krafta i bøn? Kan hende er bøn ein framand og utenkjeleg tanke? Kom og prøv! Dei fleste av oss undrar oss på mangt og mykje. Utan at vi må fortelje det kvar og ein av oss har på hjartet av gleder og sorger i kvardagen, er vi saman i bøn for den enkelte. Og, vi kan takke! Bibelen seier Jesus, at der to eller tre er samla i hans namn, er han midt iblandt oss. Det er godt å tenkje på! Bøneringen er open for alle. Vil du vite meir, så ring: Liv Sandsund tlf. 48291933 eller Åsa Ø. Stav tlf. 41689447.

## Vi treng fleire tekstlesarar!

Vi har ein lang tradisjon i Fjaler med tekstlesarar i gudstenestene. Dette er ei særsviktig oppgåve. Tekstlesaren les bibeltekstar og andre tekstar, og er ein viktig støttespelar for presten

og kyrkjelyden. Tekstlesarane blir sett opp på gudstenester etter ein turnus. Viss du har lyst til å melde deg som tekstlesar, ta kontakt med kyrkjekontoret. Vi treng sårt fleire som kan hjelpe til i gudstenestene i Fjaler.

## Den store julekonserten

### Dale kyrkje

#### Fredag 10. desember kl.19.00

Cantus, Dale Musikkorps, Dalsfjorden Spelemannslag, Dekor, jentekoret Drops, Fjaler kulturskule, Lagopus, Mats Systaddal og Sigrid Felde, Ungdomskoret, kantor Mark Taylor på orgel og på det nye Schimmel konsertpianoet. Allsong og ord for dagen. Vi får høre ny, eigenkomponert musikk: Julefred av Sigrid Felde og Koronavalsen av Knut Skoghei.

## Julekonsert

### Folkestad kapell

#### Søndag 12. desember kl.16.00

Dalsfjorden Spelemannslag, Fure og Våge Songlag, Mark Taylor, allsong og ord for dagen. Songlaget skal syngje mellom anna Glade jul.

## Julegudstenestene

### Julaftan

Folkestad bedehuskapell kl.11.00  
Guddal kyrkje kl.13.30 med  
Guddal familiekor  
Dale kyrkje kl.16.00 med Dale  
barnekor.

### Juledag

Dale kyrkje kl.12.00 med Cantus  
og Dale musikkorps.

### Nyttårsaftan

Dale kyrkje kl.16.00.

## Ljosheimbasaren

### Laurdag 12. februar kl.15.00

Ljosheimbasaren er tilbake i februar der den brukar å vere. Etter at det ikkje blei basar i 2021, kjem vi no sterkt tilbake. No satsar vi på at Ljosheimbasaren blir fast andre laurdagen i februar. Det blir god gamaldags basar med mange fine gevinstar og mange gode kaker til kaffien!

## Framsida

Dale kyrkje i vinterdrakt. Fotograf:  
Ika Tskhovrebashvili.

## Nytt konsertpiano i Dale kyrkje treng del-finansiering

### VI håpar du vil støtte eit godt prosjekt som vil gje eit stort «løft» til framtidige konsertar.

Pianoet i Dale kyrkje er modent for utskifting seier brukarane, også dei utanfor vår organisasjon, den lokale kyrkja i Fjaler. Pianoet er mykje brukt av lokale og eksterne aktørar. Pianoet er brukt til tonefølgje av solistar, artistar, kulturskulen og kor ved gudstenester, konsertar, vigslar og gravferder. Når vi no skal kjøpe nytt piano ønskjer vi eit kvalitetsinstrument som varer lenge, til bruk i 50-100 år.

Vi har difor bestilt eit konsertpiano, med naudsynt utstyr, frå Bergen pianoforretning, Schimmel K122E til ca. kr 180 000 eks. mva. Det gamle pianoet vert flytta til hovudsalen på Ljosheim der det vil bli brukt ved korøvingar og arrangement.

Kommunen har finansieringsansvar for orgelet og det har nett fått ein større reingjeringsservise.

Konsertpianoet ønskjer vi å finansiere utan kommunalt tilskot.

Finansiering av tidlegare og framtidige gåvemedlalar, samt midlar frå kor og konsertkollektar. Soknerådet forsøkter midlar for å få pianoet på plass til konsertar no i adventstida.

Kollekten på julekonserten 10. desember vil gå til pianoet. Vi håpar at både lokale bedrifter og private ser verdien av eit konsertpiano og ønskjer å bidra.

Vi er takksame for gåver til Fjaler sokn sin bankkonto 3741 07 14567. Merk innbetalinga «Konsertpiano Dale kyrkje».

TUSEN TAKK!



# Endeleg er det Tid for tru



Torsdag 4. november vart den første av fem samlingar i temaoppdragget «Tid for tru» avvikla på Ljosheim.

**Ansvarleg er tidlegare sokneprest i Hyllestad, no prostiprest i Sunnfjord, Audun Systad. 27 personar møtte.**

Etter eitt års ufrivillig koronautsetjing har vi i Fjaler, saman med Askvoll,

fyrst av første del i femtrinnsraketten «Tid for tru» - eit opplegg for vaksne i kyrkjelydane. Tru er langt frå det enklaste å gje seg i kast med å diskutere, og første samlinga hadde til overmål som tema – **Kan eg tru når eg tilar?** Audun Systad har hatt vellukka samlingar før, mellom anna i Brekke, Hyllestad og Balestrand.

Eit brukande godt måltid var ingen därleg start på kvelden, og etter innleiinga til Systad gjekk praten godt rundt borda i gruppearbeid og plenum. Ein lovande start ut frå mottoet «godt begynt er halvt fullendt». Kvinnene «vann» første runde, meddi berre 1/3 av dei frammøtte var menn. Det er plass til mange fleire, så karane må berre

rydde plass i kalenderen og vere med. Andre stader har opplegget munna ut i samtalegrupper som møtest fast.

Systad tok utgangspunkt i desse tre: **punktum** = ateist, **spørjeteikn** = agnostiker og **ropeteikn** = kristen. Sjølv for ein som meiner å sokne til tredje gruppa, med eit klart ropeteikn, kan spørjeteiknet snike seg inn, til dømes når det skjer noko du ikkje ser mening i. Det er både lov og naturleg at tvil melder seg. Skråsikkerheit er ikkje alltid av det gode. Og det er slett ikkje alltid enkelt å halde fram trua si og bli akseptert for den i møte med dei som vil gjøre Gud ansvarleg når til dømes sjukdom, ulukker og katastrofe rammar.





Ordet «tru» kan uttrykkje overtyding, håp og tillit. Trua er ei gâve, ikkje ein prestasjon. Trua er tryggleik og identitet. Å tru er å leve med eit håp som går utover denne verda. Fellesskapet er grunnleggjande i den kristne trua, difor går vi i kyrkja, på møte eller treffest i andre fora.

Det hender som nemnt at ropeteiknet «krøllar seg». I samlinga på Ljosheim vart det sagt at om du trur enkelt, slepp du tvile så mykje. Og når du tviler, kven eller kva tviler du på? Deg sjølv eller på Gud? Dette og mange andre interessante innspel kom fram i diskusjonen, noko som

lovar godt for dei neste samlingane. Det vart òg fortalt om ateisten som slutta seg til «ropeteikn-gruppa» siste kvelden han levde.

Tekst og foto: Atle Lyngstad Ness

### **Samlingane er torsdagar kl. 19.00 – 21.15:**

Torsdag 2. desember Askvoll kyrkje  
«Eg trur på Gud Fader» - Skaparen

Torsdag 20. januar Ljosheim i Dale  
«Eg trur på Jesus Kristus» - Frelsaren

Torsdag 10. februar Askvoll kyrkje  
«Eg trur på Den Heilage Ande» - Livgjevaren.

Torsdag 17. mars Ljosheim i Dale  
«Kva gjer dei kristne når dei trur?» - Det kristne livet.

### **Spørsmål?**

Meir informasjon?

Kontakt sokneprest i Fjaler Knut Arne Kummeneje på tlf 90855230, eller sokneprest i Askvoll Kjell O. H. Nordheim på tlf 48243056.

### **Påmelding:**

I samband med enkel servering er det ei god hjelpe om ein kan melde frå seinast ein dag før om ein vil delta. Like fullt er det mogeleg å møte opp uanmeldt, eller delta på nokre av kveldane. Påmelding til kyrkjekontoret på telefon 57739770 eller epost til [kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no](mailto:kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no).

**Har dere rom for en til i familien?  
Nå er det behov for flere fosterhjem  
i ditt nærområde.**

Det er mange trygge, gode familiær med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet? Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom? Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på [fosterhjem.no](http://fosterhjem.no)

**Bufetat**

# La Grace få fylle fem år



Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt. Ho har fått namnet Grace, for ho er både ei gáve og ein nåde, fortel den stolte mora.

**Akkurat no ligg Grace trygt i armane til mamma, berre ein dag gamal. Omfamna av morskjærleik og nærliek etter ein god og trygg fødsel. Diverre er tala dystre, mange barn i Afrika lever aldri til dei blir fem år.**

Av Anette Torjusen  
Foto: Håvard Bjelland

Inst i kroken på fødeavdelinga høyrer vi små forsiktige grynt. Då vi kikar inn, ser vi at det er Grace som er i ferd med å vakne. Ho ligg trygt i famnen til mamma på ei av sengene i salen. Berre timar har gått sidan ho vart fødd.

– Eg kjenner meg så lykkeleg, Grace er det første barnet mitt, og det er så mykje større enn eg hadde førestilt meg. Eg håpar ho får ei trygg og god framtid, det er alt eg ønskjer meg, smilar mamma Anita Lamisoni (24).

## Høge dødstal

Grace er fødd i Malawi, på fødeavdelinga til helsecenteret



Mbwatarika, som Kirkens Nødhjelp har bygd. Alt er godt og trygt for Grace no, men utanfor veggane ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som dør før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin.

Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda, som står i mange kriser. Akutt vassmangel, tørke

og flaum gjer at tilgangen til mat er kritisk. Så kritisk at Grace har femti prosent sjanse for at veksten hennar blir hemma før ho fyller fem år. I tillegg har pandemien også gjeve eit valdsamt oppsving i talet på barneekteskap og tenåringsgravitetar. I nokre område har dette dobla seg.

Sjølv om tala for barnedødsfall har gått kraftig ned, er dei framleis dramatiske. I 2019 døydde det 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Og kvar du blir fødd har mykje å seie. Barnedødstala er ni gongar høgare i Afrika enn i Europa.

Ein god start på livet byrjar med ein trygg fødsel, difor har Kirkens Nødhjelp bygd fødeavdelingar fleire stadar i Malawi. Samstundes som vi syter for gode jordmødrer. Då Grace vart fødd var det Hilal Wasil (27) som var jordfar på vakt. Han tok imot Grace og hjelpte Anita gjennom sin første fødsel. Og Anita kan ikkje få fullrost han.

– Eg kjende meg både trygg og teken hand om på beste måte, så no kan eg faktisk seie at eg hadde ein fin fødsel, sjølv om han var lang og vond.

Hilal, som også er ansvarleg for svangerskapskontrollane, kan ikkje få understreka nok kor viktig det er å kome seg til ei fødeavdeling. Han rykkjer også ut på motorsykkel til mødrer som ikkje når fram i tide.

– Vi ser at mange går over tida, aborterer eller får massive blødinger etter fødsel. Difor er det så viktig at gravide og nybakte mødrer blir følgde tett opp.

Anita får berre ei natt på sjukehus før ho må reise heim, det er mange som skal fø og det er kamp om plassane. Totalt dekkjer fødestova 3000 hushald.

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødstala var høge. Jesus overlevde spedbarnstida på trass av den urolege verda han vart fødd inn i.

2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under fem år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødde i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi. Vi kan vere med å gje nyfødde Grace og andre barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi byggje fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatr, vaksinar og utdanning. Saman forandre. Slik at fleire får fylle fem år.

**SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR:**  
Vipps eit valfritt beløp til 2426.  
Send GAVE på SMS til 2426 og gje 250,- kroner.  
Gåvekonto: 1594.22.87248

# Eit hjarte av ull

Ei juleforteljing av Jenny Ødven  
Snildal

- Sjå mormor, det er til deg. Eg har laga det i barnehagen.

Thomas rekker fram ei hand med ein raud, tova ulldott.

- Det er eit hjarte, legg han forklarande til. Han er visst usikker på om ho forstår det.

- Og så er det magisk, for eg har blåst på det. Maja i barnehagen sa at når vi bles på det så vert det magisk. Thomas ser på henne med strålende, blå øye under ein litt for lang lugg.

- Så fint det er. Mormora smiler og ruskar han i luggen.

- Vi kan henge det på juletreet.

Tårene sprekk fram med det same ho har sagt det. Henge på juletreet. Feire jul. I år?

Sorga klorar på eit sår som ikkje vil gro. Ho snur seg og tørkar auga med handbaken, vil ikkje at Thomas skal sjå. Korleis skal ho klare å feire jul, utan Eirik?

- Gleder du deg ikkje til jul? spør Thomas.

Ho høyrer på stemma kor er uroleg han er.

- Kan skjonne eg gler meg, svarar mormora, - det skal bli kjekt å feire jul saman med deg og dei andre, sånn som vi brukar å gjere.

Men det vert utan Eirik, skrik det inni henne, det vert ikkje som vi brukar å gjere.

Thomas smiler, han fekk svaret han ville ha.

Ho møtte Eirik då ho var 17. Han var 19.

Begge hadde sommarjobb på ein bensinstasjon, men dei hadde aldri same vakter. Når han kom på jobb var ho ferdig for dagen, og omvendt. Ein kveld stod han utanfor med den gamle, rustne Volvoen. Raud i andletet hadde han spurt om ho ville ha skyss heim. Ho smiler når ho tenkjer på det. Det var berre fem hundre meter å gå heim.



Dei vart kjærastar og bestevener.

47 år fekk dei i lag.

I februar fekk han hjartefarkt. Eit kraftig eitt og alt var over. Ho fekk ikkje teke farvel, fekk ikkje sagt kor takksam ho var for åra dei fekk.

- Mamma, orkar du at vi feirar jul hos deg i år?

Det var tidleg i advent. Tjukke, tunge snøkreksjer hadde lava ned heile dagen og gjort gardspllassen uframkommeleg. Bilen vart parkert ved bensinstasjonen. Så måka ho snø til musklane skreik og sveitten blanda seg med tårer.

Synne, dotter hennar og mor til Thomas, hadde ringt og spurta forsiktig om korleis det ville bli i år. Om ho orka.

- NEI! hadde ho hatt lyst å rope.

- Nei, eg vil ikkje feire jul. Ikke i år, ikkje utan far din.

Synne er sliten, ho hørde det. Thomas skal bli storebror i januar.

- Ja, visst skal vi feire jul her i år òg, vi må jo det, hadde ho svart med tynn, flat stemme.

Snøen hadde viska ut dei skarpe konturane i den forsømte hagen og lagt seg beskyttande over den attgløymde benken.

Ho ordnar med gåver, kjøper mat og finn fram julepynt og juletreet frå boden. Dei siste åra har dei hatt kunstig tre. Eirik tykte det var enklast slik.

Leidningane til lysa har vasa seg til og ho plundrar med å feste dei på treet. Lysa var Eirik sin jobb. Han var så pirkete, dei skulle vere jamt fordelt og stå beint opp og ned. Ho smiler for seg sjølv. Det hendte det kom nokre stygge glosar, men han ga seg aldri før han var fornøgd.

Endeleg kan ho setje kontakten i støpselet. Eit varmt, gult skjær lyser opp den mørkaste kroken av stova. Ho nikkar anerkjennande - Eirik ville vore fornøgd. Resten av pytinga får vente.

Vesle julaftan kjem Thomas. Kassen med julepynt står midt på stovegolvet og Thomas er snart i full gang med å henge kuler og englar på treet.

- Mormor, kvar er hjartet? Han ser spørjande på henne.

- Hjartet? tek ho oppatt. Ho forstår ikkje kva han meiner.

- Ja, det som eg har laga, det som er magisk. Auga lyser av skuffelse.

- Å, det, seier ho og har heilt gløymt kvar ho har lagt det.

Skap og skuffer vert opna og atlatne og opna igjen. Ho er ein augneblink redd ho ikkje skal finne det, redd for å skuffe Thomas. Men han finn det under dei nyinnkjøpte juleserviettane.

- Du får henge det opp du, seier ho.

Thomas held i gulltråden og bles forsiktig så ulldotten snurrar rundt. Med stort alvor heng han hjartet på treet. Han ser på henne og smiler. Glede og stoltheit lyser i dei blå auga. Ho må retteleg studere han, som han liknar på morfaren sin.

- Det er magisk, seier Thomas.

Mormora ser inn i Thomas sine strålande auge. I augekroken skimtar ho Synne med den store magen. Det tova hjartet snurrar sakte rundt.

I denne søte juletid, med søstrene Harness, fyller stova. Det var ein av dei songane Eirik var så glad i. Og så kjenner ho det, glede ho ikkje har kjent på lenge. Gleda over Thomas, over babyen som kjem i januar, over Synne og resten av familien. Gleda over Eirik og alle dei gode minna.

- Ja visst, seier ho, - ja visst er hjartet magisk. Mormora ser på Thomas og stryk han over det nyklippte håret.

## TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



**SOS**  
22 40 00 40



**SOS**  
CHAT



**SOS**  
MELDING

KIRKENS  
**SOS**

# Konfirmantane 2021

Folkestad kapell

28. august:

Frå venstre: Sokneprest Knut  
Arne Kummeneje, Anna Skår  
Midtbø, Jessica Lammetun  
Lindelid.



Guddal kyrkje

4. september:

Bak frå venstre: Sokneprest  
Knut Arne Kummeneje,  
Håvard André Ødemark,  
Tarjei Guddal, Nandor  
Yndestad Engen.

Framme frå venstre: Signe  
Kråkenes Langeland, Brage  
Yndestad Engen, Andrine  
Yndestad Engen.



**Dale kyrkje****18. september kl. 10.00:**

Bak frå venstre: Sokneprest Knut Arne Kummeneje, Christoffer Løveng Myklebust, Julian Schürholz Strandenes, Lukas Jakobsen Steffensen, Olav Henning Sæterdalen Solheim, Anders Hauge Folkestad, Tobias Skadal Christiansen. Framme frå venstre: Margrethe Helen Gudmundsos Refsnes, Anna Ulltang, Vanessa Loraine Kingngam Skadal, Andrine Skadal Christiansen.

**Dale kyrkje****18. september kl. 12.00:**

Ståande frå venstre: Sokneprest Knut Arne Kummeneje, Jenny Helene Solheim Langeland, Tonje Maria Roos, Mia Stensæth, Carmen Andrea Naustdal, Elisabeth Alværen, Emma Sande.

Sitjande frå venstre: Ivar Standnes, Hans Marcus Myklebust, Felix Rørvik Solheim.

# Ikkje plast på gravplassen

Plast i naturen er eitt av vår tids store miljøproblem. Alle vert vi oppmota om å gjere det vi kan for å bøte på stoda. Også vi som kyrkje må gjere vårt. Soknerådet har vedteke som eitt tiltak at Fjaler skal vere «grøn kyrkjelyd». Det går på mellom anna på innkjøp og forbruk.

Noko soknerådet ikkje kan ta ansvar for, men gjerne vil appellere om hjelp til frå dykk alle, er å velje gode miljøløysingar når de pynter gravene til nære og kjære. Alle er vi glade for at det er velstelt og opplyst på gravplassen, og tradisjonen med lystenning er fin og ekte. Men det er ikkje likegyldig kva lys du vel.

Reine plastløysingar og gravlys med metall-hok, er ikkje bra for miljøet, og vi må be om at det IKKJE blir brukt heretter. Bruk i staden lykter som varer, t.d. i metall, og som ikkje

let seg lett flytte på.

Fuglar, særleg kråke og skjor, men også måsen, hakkar hol i plasten for å få tak i talg/stearin. Fuglane løfter også dei lettaste gravlysa og slepper dei ned for at dei skal bli knuste slik at dei får tak i innmaten. Dette kan gjere skade på det dei treffer, i tillegg til å vere eit miljøproblem. Lette ledlys gir same problemet.

Fuglane spreier metall-hoket og plasten utover store område. Plast som ligg ute i naturen forvitrar. Det er også grelle eksempel på at både plast, glas og metall er kome i dyrefor og vore årsak til liding og daude.

Brukte gravlys må plasserast i restavfall. Men ver klar over at ledlys som inneholder tungmetall er elektronisk spesialavfall og skal ikkje



i restavfallet. Det må de kaste som spesialavfall i butikkane eller på ein av SUM sine stasjonar.

Vi ber deg om å ta miljøomsyn også ved andre ting du bruker som gravpynt.

if

## Mariahelg på Alværa misjonsenter, Lavik

4.-6. mars 2022, arrangerer NMS Mariahelg for damer i alle aldrar. På Mariahelg får vi påfyll for trua vår, samtidig er det kjekt å komme ilag og ha god tid til samtale og gode historier. Det er tid til avslapping, oppleve naturen ved sjøen og ikkje minst nyte god mat.

Sidan det ikkje vart noko av den planlagte Mariahelga i 2021, kører vi same tema som var planlagt i fjor: «Berekraft».

Hanne Schnitler frå Førde vert med som hovudinnleiar for temaet. Hanne er tidlegare drivar av butikken «Om att». Ho har hatt engasjement for



miljø, gjenbruk m.m sidan ho gjekk på vidaregåande. Ho vil belyse temaet frå fleire vinklar og bevisstgjere oss på bruk/forbruk, blant anna.

Spørsmål om helga/program ta kontakt med Hanne Bildøy, tlf. 996 10 528, epost [hanne@bildoys.no](mailto:hanne@bildoys.no)

# Misjonsprosjektet vårt



Fjaler sokn støttar NMS sit arbeid i Midtausten, blant anna på Anafora senteret som du kan lese om her:

Det koptiske retreatsenteret Anafora ligg i ørkenen mellom Kairo og Alexandria. NMS støtter to prosjekter som gjennomføres på senteret. Det ene er sommerskole for gutter. Hvert år samles gutter i alderen 9 til 15 år i to måneder. Vanligvis er det 250 gutter, men i år var det kun 100 grunnet Covid-19. Guttene kommer fra svært fattige, kristne familier, og har ofte måttet slutte på skole for å jobbe under svært dårlige forhold. På Anafora får de undervisning på tilpasset nivå i skolefag og håndverk. Målet er at guttene skal bli tryggere på seg selv og få et bedre grunnlag for videre skolegang og arbeid. De får et stipend for tiden de er på Anafora. På den måten får familiene deres en kompensasjon for tapte inntekter uten at guttene må være involvert i barnearbeid.

Under oppholdet deltar de på daglige messer og bønner. Slik får de et nærmere forhold til Kristus og

den kristne tro. De lærer også nye ferdigheter som snekring, keramikk, vevning, grunnleggende kunnskap om elektrisitet, og de lærer å ta ansvar. Guttene lærer også å leve fysisk sunnere gjennom et balansert kosthold. Leger kommer til Anafora for å gjøre en helsekjekk av guttene. Når guttene kommer hjem, tar de eksamenene og fortsetter på skolen. De har fortsatt kontakt med lederne og tidvis prestene fra deres hjemsted, som kommer sammen med dem til Anafora. Slik får de fortsatt støtte både åndelig, mentalt og følelsesmessig.

Mina var en av guttene som kom til Anafora i år. Han er 13 år gammel og vokste opp i et voldelig miljø. Han var traumatisert og slet med å møte opp på skolen i rett tid. Til slutt slet han med å møte opp i det hele tatt. Han trodde ikke lenger på et system som så ut til å ha gitt ham opp allerede. På Anafora lærte han å lese og skrive, og håpet er å komme tilbake til skolen. Han lærte å være rolig og løse problemene sine uten å sloss. Mina er klar over at suksessen hans kom gjennom

teamet på Anafora som trodde på ham, oppmuntrøt ham og nektet å gi ham opp.

Det andre prosjektet, «Trauma Healing», hjelper kvinner som har opplevd seksuell mishandling. Kvinnene er mellom 17 og 25 år og har kurs og samtaler i små grupper. De skamfulle og redde overlevende etter traumer gjenvinner en følelse av egenverd og ser ikke lenger på seg selv som ofre, men som frie aktører. Noen av dem blir ledere og forbilder for andre kvinner når de kommer tilbake. Sammen med andre kvinner, menn og prester som er involvert i prosjektet, blir de endringsaktører i lokalsamfunnet. De jobber målrettet mot et patriarkalsk system der kvinnene ikke har noen rettigheter, og hvor stillhet, skam og skyld er normen for unge kvinner. På Anafora lærer kvinnene blant annet å si NEI. Dette er ikke lett. Vanligvis godtar kvinnene det mennene sier til dem og bare adlyder. Men gjennom kurset får de øvelse i, og styrke til, å si hva de vil og hva de føler.

Sonja Küspert

# Signa jol!

På julafesta i Guddal blir det urframføring av ein ny tone til eit gammal juledikt.

Undertegnede fant dette diktet, Signa jol, for noen år siden i et julehefte, Jul i Sunnfjord. Jeg har på morssiden mine røtter i Sunnfjord, narmere bestemt Guddal, og siden opphavsmannen, Sigvard Sørebø, var en yngre bror av min bestefar, Thomas Sørebø, var dette interessant lesning, og teksten har naturlig nok blitt tatt vare på.

Min faglige bakgrunn gjennom noen tiår er musikkklarer og kordirigent, og på et tidspunkt fant jeg ut at denne teksten burde tonesettes. Når dette endelig ble gjort, fant jeg ut at sangen kunne skrives ut for kor, og neste tanke ble da at hvorfor kan ikke denne for første gang lyde ut i bygda hvor den etter alle landemerker ble skrevet? Derfra var ikkje veien lang til telefonisk kontakt med kantor Mark Taylor, som umiddelbart viste sin interesse og velvilje.

Mitt forhold til Sunnfjord kan muligens utdypes noe. Min bestefar flyttet til Fredrikstad i 1913, og jeg er selv født og bosatt der, men familien har i alle år hatt en kontakt med Sunnfjord (Fjaler og Gauldalen), og jeg var første gang på slektsgarden i Guddal som syvåring og husker godt Sigvard (og for øvrig hans bror Ola som var gårdbruker og lærer i Holmedal).

Derfor er det for meg en stor glede og ære at denne sangen nå kan tone ut i Guddal, hvor jeg synes den hører hjemme. Jeg vil tillegne sangen Guddal Familiekor. Om kantor ønsker noen endringer i sangen, er dette naturligvis opp til ham og koret. La sangen lyde.

Med hilsen  
Steinar Sørebø Hermansen



## Signa Jol!

Kom fred og sæle fagnad,  
kom kjærleik, signa jol!  
Lat ditt ljós i hjarto dagna!  
Gjev ein glytt av evig sol!

Livet er so audt og ubbe,  
striden æesar kald og hard.  
Sårt me treng til Jesu krubbe  
og den kross som frelsa bar.

Berre dei kan berge verda  
i ei vond og vonlaus tid.  
Berre dei kan stogga sverda  
når mot bardag fram me skrid.

Ætta som i natt og kulde  
starvar mødd frå år til år,  
treng så sårt at strenger dulde  
føder von om sol og vår.

Signa jol, me knepper hender,  
helsar Kristus på hans ferd,  
medan klokkeklangen sender  
helsing til ei fredlaus verd.

Sigvard Sørebø (1902–1974)

# Kvifor har vi sunge om ei rose i 100 år?

Den tyske julesalmen *Es ist ein Ros entsprungen* byggjer på ein lang katolsk julesong om Maria, som har blitt omforma til å handle meir om Kristus enn om mor hans. Dette for å kunne bruke denne fine salmen i protestantiske trussamfunn.

Nokre meiner teksten kan vere frå 1200-talet, men den eldste skriftlege overleveringa vi har er i ei bønebok av frater Conradus frå 1587. I 1605 vart teksten kalla «das alt Catholisch Trierisch Christenliedlein», så det kan hende at salmen kjem frå Trier bispedømme vest i Tyskland.

Den katolske julesongen hadde heile 23 vers, men den protestantiske versjonen tok med seg berre dei første to. I 1844 skreiv den tyske lutherske presten Friedrich Layriz eit nytt tredje vers til dei to opphavlege, og det er slik salmen er brukt i Noreg i dag, med tre vers.

Det var biskopen i Bjørgvin, Peter Hognestad, som omsette *Es ist ein Ros entsprungen* til nynorsk for eit hundreår sidan i 1921. Hognestad spela ei vesentleg rolle i utforminga av *Nynorsk Salmebok* i 1925, og sidan *Det hev ei rose sprunge* vart publisert der, samt melodien i *Koralbok for den norske kirke* i 1926, har den blitt ein kjend og kjær julesong her nord. Ikkje minst, kan det norske folket lett identifisere seg med «den kalde vinter ved mørke midnattstid» og «jordlivs natt».

Kwart vers handlar om ei rose som eit bilet av Kristus. Jesus kom frå Davids og Isaiai ætt slik som profeten Jesaja skreiv:  
*Ein kvist skal skyta opp frå Isaiai stubbe, og eit skot skal spira fram frå hans røter.* Jes 11, 1  
 Salmen refererer også direkte til «Jesajas ord»:  
*Sjå, den unge jenta skal bli med barn og føda ein son, og ho skal gje han namnet Immanuel.* » Jes 7, 14.

Spådomen og profetien til Jesaja vert tolka direkte på Kristus og mor hans. Jesus er «lyset som skin i mørkret» (Joh 1,5) og gjer natta til dag. Lyset til Jesus fangar oss og Kristus «vert vår beste skatt.»

Det er artig at ei rose er hokjønn. Ved å bruke ei rose som eit bilet for Kristus, får Jesus også ei feminin side – ho vert vår beste skatt, og ein Frelsar.

MT

## Det hev ei rose sprunge

Det hev ei rose sprung  
ut av ei rot så grann.  
Som fedrane hev sunge:  
Av Isaiai rot ho rann,  
og var ein blome blid  
midt i den kalde vinter  
ved mørke midnattstid.

Om denne rosa eine  
er sagt Jesajas ord. \*  
Maria møy, den reine,  
bar rosa til vår jord.  
Og Herrens miskunnsmakt  
det store under gjorde  
som var i spådom sagt.

Guds rose ljuvleg angar  
og skin i jordlivs natt.  
Når hennar ljos oss fangar,  
ho vert vår beste skatt.  
Me syng i englelag:  
No er det fødd ein Frelsar,  
og natti vart til dag.

\* Jes 7,14

T: Tysk 1587, v. 3: Friedrich Layriz 1844

O: 1919, 1921 Peter Hognestad

M: 1400-t / Köln 1599 / Hjå Michael Praetorius  
1609

# KYSTPILEGRIMSLEIA – KVA ER

I august 2020 var det ei fin hending i Askvoll. Sunnivaseglasen fra Selje til Bergen stansa då her, og ei fin folkemengde var samla. Eit fint program var førebudd. Sunnivaskrinet vart ført til Bergen, og ein høgtida der 850-årsjubileet som bispesete.

Neste stopp var Korssund, der den nest største av dei store steinkrossane i Noreg står. No er det Fjaler kommune. Før hørde som kjent Korssund til Askvoll.

I Hyllestad vart steinkrossane hogne ut, av den hardføre steinsorten granatglimmerskifer. I høve seglasen var det og ei markering der, og kommunen gav ein mindre steinkross, som vart overrekt til Bergen by i høve jubileet.

Alle desse kommunane ligg ved norskekysten, som spela ei ganske viktig rolle, før og ved innføringa av kristendommen her i landet. Kysten var viktig, og sjøvegen nord til Trondheim var mykje brukt.

Kystpilegrimsleia er ganske ny. Den vart opna 8.juli 2018 av dronning Sonja på øya Selja, som alstår var det første bispesete i Noreg. Då vart den ein offisiell St. Olavsveg. Arbeidet med ei kystpilegrimslei frå Rogaland til Trondheim starta allereie i 2010 som eit samarbeidsprosjekt mellom fem fylkeskommunar, fire bispedømmeråd og Riksantikvaren. etter modell frå den indre leia, eller leiene, frå Austlandet til Nidaros.

Eit viktig mål for prosjektet var å etablere Kystpilegrimsleia som ei samanhengande reiserute langs kysten – med utgangspunkt i kulturminne og heilagstader. Målet er å få i gang ei internasjonal reiselivssatsing og gje ei djupare oppleveling av kysthistorie, pilegrimstradisjonar, kyrkjhistorie, samt dei kulturhistoriske aspekta rundt dette. Frå først av var det tenkt ei samanhengande lei, over sjø og land langs kysten, med merka lei



Sunniva Seglas i Askvoll sept. 2020. Fotograf Roy A. Nilsen



Vilnes er ein gammal kyrkjested. Kyrkja er frå 1674, og er den eldste trekyrkja i Sunnfjord. På kyrkjegarden står det fleire karakteristiske bautasteinar og steinkrossar.

over land. Dette gjekk ein bort frå. I staden har kvar fylkeskommune peika ut fem nøkkelstader (seks i Møre og Romsdal!), som dei meiner har stor kulturhistorisk verdi og særleg relevans i pilegrimssamanheng. Totalt er det altså 26 såkalla nøkkelstader langs kysten som utgjer kystpilegrimsleia.

## Nøkkelstadar

Her i fylket er det altså 5 nøkkelstadar: Eivindvik (Gulatinget), Hyllestad (Kvernsteinsparken), Svanøy , Kinn og Selja. Slik ligg me her i Sogn og Fjordane om lag midtveis i leia mellom Egersund og Trondheim.

Det kunne sikkert vore fleire stader langs leia, som kunne blitt ein nøkkelstad. Vilnes på Atløy er ein slik, men det går an å ha arrangement likevel, som formidlar den interessante historia. Det samme gjeld Korssund. Begge desse stadane har det vore arrangement denne sommaren.

## Ei guidebok

Margun Pettersen skrev i 2020 ei guidebok for Kystpilegrimsleia. Ho har reist leia til endes mellom Egersund og Nidaros for å gjere seg betre kjent med nøkkelstadene. Torsdag 20. februar 2020 vitja ho Kvernsteinsparken saman med

# R DET EIGENTLEG?

Ellinor Bryne.

I guideboka skriv Margun Pettersen om kulturminne, attraksjonar, heilagstader og kva ein kan oppleve på dei ulike nøkkelstadene. Ho vil òg ta med oversyn over offentleg transport til/frå nøkkelstadene, overnattingssstader, kolonialbutikkar, matservering m.m. Ved ein nøkkelstad kan ein få stempel i pilegrimsbrettet. For å få Olavsbrevet må du ha stempel frå minst 6 nøkkelstadar, når du kjem til Trondheim og Nidarosdomen.

I innleiinga i boka skriv ho: «Kystpilegrimsleia innbyr til en vakker og spektakulær reise med mange og store kontraster. Havet i storm og stille. Stupbratte fjellsider i frådende skumsprøyt. Lune viker med blankslitte svaberg. Det barske og det milde, Brotsjør og myke bølgeskulp. Havørn. Fiskestid. Helligsteder og kulturminner ligg som perler på en snor og forteller om byggingen av landet, kystkultur, levevilkår og kristningshistorien. Vi møter helgener og legender, kristningskongene Håkon den gode, Olav Tryggvason og Olav Haraldsson, kongsgårder, klostre, tingsteder, gamle steinkors, kirker og

andre kulturminner. Vi får del i historien som har vært med å forme oss og vårt folk de siste tusen år. Båttrafikken over Nordsjøen var stor. Vikinger og handelsfolk ble kjent med den keltiske spiritualiteten som preget øyene i vest. Keltiske munker som søkte sjøveien, kom hit. Kelteerne var opplatt av naturen og knyttet skaperverket nært sammen med det åndelige. Denne spiritualiteten nådde norskekysten gjennom den kontakten.»

Også i 2021, i ei samla satsing frå pinse til september, som perler på ei snor, var det tilbod om møteplassar for folk langs kystpilegrimsleia i Bjørgvin bispedøme og Vestland fylke. I tida som kjem ynskjer vi å få fram meir av denne historia lokalt. Det håpar me mange vil oppleve som spennande. Kanskje ein ny dimensjon ved historie og tru kan opne seg for mange av oss.

Audun Systad

I Nærøya kom båtar inn frå øyane rundt. Herfra går den gamle kyrkjevegen bort til Vilnes.



Olsokgudsteneste ved den gamle steinkrossen i Korssund i 2021. Prestar var Audun Systad og Knut Arne Kummeneje



## Ikke alle barn gleder seg til jul

Gi støtte, trygghet og håp til familier som har det tøft.

**Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr) eller  
VIPPS valgfritt beløp til 13130**



# Spennande møte med folk, fisk,



I kyrkja frå 1839 vart innermål til yttermål, og dermed altfor få sitjeplassar. I dag er murane kulturminne på Røstlandet.

Då vi på skulen las Johan Bojers «Den siste viking» om Lofotfisket, la den 100 år gamle boka att i meg ein hang til å oppleve Lofoten; naturen, fisket og folket. Det tok si tid, men så fekk eg tre turar til Røst på eitt år. Reine eventyret.

Røst er mykje likt Bulandet, med drygt 300 øyer og plassert 10 mil ut i havet frå Bodø. I dag er Røst eigen kommune med knapt 500 menneske. Der er seks fiskemottak, og i skreisesongen, februar og mars, kryr det av arbeidsfolk, fiskarar og båtar. Utover våren og sommaren heng det kilometervis med skrei på hjellar for å bli til tørrfisk, og italienarane kjøper det meste. Omsetnaden er kring 1 million kroner pr hovud. Røstlandet er største øya, der er også einaste

butikken, kommuneadministrasjon, flyplass og landingsplass for ferja til Bodø. Neste år får dei ny 1-10-skule.

## Ein heim i 100 år

At eg kom til Røst no, er Den Indre Sjømannsmisjon (DISM) å takke, då eg fekk arbeid som frivillig på Fiskarheimen. Gjennom åra har DISM hatt om lag 35 fiskarheimar langs kysten, no

er berre tre att: Stamsund, Røst og Vandsøvvågen på Trøndelagskysten. DISM vart formelt skipa i 1880 og har særleg markert seg i sosialt arbeid for fiskarar og sjøfolk i innanrikssfart. Alle fiskarheimane fekk namnet Havly. Også i ytre Fjaler vart det skipa foreining for Indre

sjø. Den vart lagt ned for nokre få år sidan.

Havly Røst vart bygt i 1919 og er ein populær møteplass. Sjølv om fiskebåtane har vorte betre utstyrde og er meir komfortable, er det framleis godt å komme på land etter ein lang dag på feltet, til ein god middag med riskrem til dessert, og få vaska både klede og seg sjølv. Og ikkje minst viktig er den sosiale sida, få diskutere fangstar og prisar. Innfødde kjem dagleg til kaffi og mat. Enkelte dagar blir det halde møte i regi av DISM. Så Havly Røst sikrar både kroppsleg og åndeleg påfyll.

## «Flytande bedehus»

I Sogn og Fjordane er DISM best kjent for misjonsskipa «Elieser» som m.a. var fast stasjonerte i Måløy og Florø i dei store sildeåra på 1950-talet. Utanom sesongane vart båtane nytta som «flytande bedehus» på forkynningsturnear til fjord- og kystbygder, og no er den sjette «Elieser» i drift. DISM gjev ut medlemsbladet «Trygg havn» og juleheftet «Fiskerens Venn», som mange kjenner.

## For lita kyrkje

Truleg har det stått fem kyrkjer på Røst. Dei to første veit vi lite om,



Den nye langkyrkja har 270 plassar og kostar 12.700 kroner i 1900.

# misjon og kyrkje på Røst

men den tredje tok ein orkan knekken på i 1835. Berre tånet er igjen, det står på kyrkjegarden. I 1839 vart ny kyrkje teken i bruk, teikna av ingen ringare enn den danske arkitekten Hans Ditlev Franciscus von Linstow, som også teikna slottet i Oslo. Under arbeidet feiltolka dei teikningane, slik at innermål vart yttermål, og med berre 78 sitjeplassar vart den fort for liten. Den gongen var Røst underlagt Værøy, og då dei ville bygge ny og større kyrkje, vart det kravd at gamlekyrkja måtte rivast og ruinerast, for dei kunne ikkje ha to kyrkjer på øya.

Siste gudstenesta vart halden 19. august 1900. Etter det vart taket fjerna og inventaret auksjonert bort. Ny kyrkje med 270 sitjeplassar vart teken i bruk same året, og murane etter «Gammelkirka» tener som kulturminne i dag.

Tekst og bilde: Atle Lyngstad Ness



Havly Røst har vore ein heim for fiskarar og andre i over 100 år. Den ligg fint til på høgaste punktet på Røstlandet, 11,5 meter over havet!



Mellom tilboda fiskarheimane hadde, var utlån av bøker i kassar til fiskarane.




Fisker er livsgrunnlaget på Røst. Vilkåra er harde, og mange let livet.



Skrei på kilometerlange hjellar i kring fire månader blir god tørrfisk.




Ein god times båttur sørvest av Røst, står Skomvær fyr frå 1887, 31,7 m høgt.



**STØRST AV ALT**  
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

# Bli med på trusopplæring!



## For 2-åringane!

Laurdag 15. januar kl. 11.00 inviterer Kyrkja i Fjaler til eit opplegg for dei som har fylt 2 år. Alle 2-åringane i soknet blir invitert til ei samling på Ljosheim. Då skal vi syng songar frå Mi Kyrkjebok 2, og mellom anna lære nokre kveldssalmar. Besteforeldre er også hjartegleg velkomne til å vere med. Elles skal dei få bli kjent med Krølle, det vesle lammet som gjekk seg bort.

## Ver ein GT-agent!

I snart to tusen år har vi feira gudstenester. Menneske begynner sitt kristenliv ved å bli døypt i ei gudsteneste. Deltaking i og utbytte vert større med kjennskap til og forståing av innhaldet i gudstenestene våre.

GT-agentane er eit spennande opplegg om desse samlingane vi har i kyrkja som heiter «gudstenester». GudsTeneste = GT - Kom og utforsk gudstenesta vår som ein GT-agent!

Lær meir om dei faste songane som vi syng gjennom heile året og forteljingane frå bibelen som ligg bak dei.

?
 

- Visste du at vi syng på gresk i kyrkja?
- Kva heiter bursdagssongen til Jesus?
- Kven er Guds Lam?
- Kva heiter dei fem delane av gudstenesta?

 Svara til desse og mange andre spørsmål vil sokneprest Knut Arne Kummeneje og kantor Mark Taylor gi deg gjennom leiteoppgåver, song, rørsler, rebus, forteljing og rollespel slik at du vil vere tryggare på det som skjer i gudstenestene våre og kvifor.

## To samlingar

I Dale kyrkje for barn frå 4. klasse som soknar til Dale kyrkje.

Samling 1: Fredag 25. mars kl. 14.45-16.00 for GT-agentane.

Trusopplæringsmedarbeidar Atle Ness vil servere frukt bak i kyrkja i starten av samlinga.

Samling 2: Søndag 27. mars kl. 11.00. Gudsteneste med GT-agentane og alle andre!

## Den store forteljinga!

I februar 2022 vil vi invitere "minikonfirmantane" med på "Den store forteljinga" som handlar om Bibelen dei mange spennande forteljingane vi kan lese der. I år blir det dei i Flekke og Dale som er født i 2011 som får innbyding, samt dei som er født i 2011, 2012 og 2013 i ytre Fjaler. Samlingane blir på Ljosheim i Dale og i Folkestad kapell.

Gudstenestene med utdeling av Teikneseriebibelen er

- Guddal kyrkje søndag 6. februar kl. 11.00
- Dale kyrkje søndag 13. februar kl. 11.00
- Folkestad kapell søndag 13. februar kl. 14.00

Gjennom desse samlingane håper vi borna vil lære mykje både om Bibelen og gudstenesta. Vel møtt!

KAK



# I kyrkjelyden sidan sist

## Dale

### Døypte:

Fie Madsen-Jørgensen  
Sølve Nitter Hovland  
Mateo Chacon Haugsbø  
Johannes Østerhus Norddal  
Lykke Aven Hellebust  
Ruby Wergeland Lykkebø  
Ulrik Ness Dørmaenen  
Elvira Salman Rogne  
Sander Bjørvik Haaland

### Døde:

Arvid Dørhellan	f. 1946
Mary Alise Helle	f. 1945
Einar Espedal	f. 1946
Henry Hellebust	f. 1927
Odd Jostein Vassliås	f. 1941

## Hellevik

### Døde:

Ragnar Oddleif Kjøsnes f. 1939

## Folkestad

### Døypte:

Theodor Vogt Sandnes

### Døde:

Aud Dagny Håvåg	f. 1946
Dagny Marie Einen	f. 1922

# Velkommen til dåp!



*Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort.*

*Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei:*

*«Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje!»*

*For Guds rike hører slike til. Sanneleg, eg seier dykk:*

*Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.»*

*Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.*

*Markus 10, 13-16*

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødte barn. Derfor får vi ikkje sende ut "Velkommen til dåp" til nybakte foreldre slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du vil døype!

Send epost til [kirkjesekreter@fjaler.kyrkja.no](mailto:kirkjesekreter@fjaler.kyrkja.no)  
eller ring 57 73 97 70.

Også større barn, ungdom og vaksne kan bli døypte.

Gudstenestelista finn du i kyrkebladet eller på [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no).



DEN NORSKE KYRKJA

Fjaler sokn

# Velkommen til kyrkje

Med forbehold om eventuelle nye smitteverntiltak som kan kome på kort varsel.

Sjekk [www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no), facebook.com/FjalerKyrkja

eller sjå annonsen i Firda kvar laurdag for oppdatert informasjon.

## **Fredag 10. desember Dale kyrkje kl. 19.00**

Den store julekonserten med lokale musikalske krefter. Kollekt til Fond for Kyrkjemusikk.

## **Søndag 12. desember Dale kyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten. Kyrkjekaffi.

## **Folkestad bedehuskapell kl. 16.00**

Julekonsert med Fure og Våge songlag, Dalsfjorden spelemannslag og kantor Mark Taylor.

## **Julaftan 24. desember**

## **Folkestad bedehuskapell kl. 11.00**

Gudsteneste. Juleoffer til Kirkens Nødhjelp.

## **Guddal kyrkje kl. 13.30**

Gudsteneste. Familiekor deltek. Juleoffer til Kirkens Nødhjelp.

## **Dale kyrkje kl. 16.00**

Gudsteneste. Barnekoret deltek. Juleoffer til Kirkens Nødhjelp.

## **Juledag 25. desember**

## **Dale kyrkje kl. 12.00**

Høgtidsgudsteneste. med Cantus og Dale musikkorps. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

## **Nyårsaftan 31. desember**

## **Dale kyrkje kl. 16.00**

Gudsteneste. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

## **Søndag 9. januar Folkestad bedehuskapell kl. 11.00**

Gudsteneste.

## **Straumsnes grennahus kl. 13.30**

Gudsteneste. Kyrkjekaffi.

## **Søndag 16. januar**

## **Dale kyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste.

## **Søndag 30. januar**

## **Dale kyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste. Cantus og musikarar frå UWC deltek med songar frå Taizé.

## **Folkestad bedehuskapell kl. 19.00**

Syng-med-oss kveld. Salmekveld med allsong, andakt og kveldsmat.

## **Søndag 6. februar**

## **Guddal kyrkje kl. 11.00**

Familiegudsteneste. Utdeling av bibelen. Guddal familiekor deltek.

## **Søndag 13. februar**

## **Dale kyrkje kl. 11.00**

Familiegudsteneste. Utdeling av bibelen til 5. klasse. Minikonfirmantane og Dale barnekor deltek.

## **Folkestad bedehuskapell kl. 14.00**

Familiegudsteneste. Utdeling av bibelen til barn frå 3.-5. klasse. Minikonfirmantane deltek.

## **Søndag 27. februar**

## **Dale kyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste.

**Søndag 6. mars**  
**Folkestad bedehuskapell kl. 11.00**  
 Gudsteneste.

**Guddal kyrkje kl. 14.00**  
 Gudsteneste. Familiekoret deltek.

**Søndag 13. mars**  
**Dale kyrkje kl. 11.00**  
 Gudsteneste. Cantus deltek.

**Søndag 27. mars**  
**Dale kyrkje kl. 11.00**  
 Familiegudsteneste. GT-agentane og barnekoret deltek.

**Folkestad bedehuskapell kl. 14.00**  
 Gudsteneste.

**Søndag 3. april**  
**Dale kyrkje kl. 19.00**  
 Samtalegudsteneste. med konfirmantane fra heile Fjaler.

**Tysdag 5. april**  
**Dale kyrkje kl. 20.00**  
 Solidaritetskonsert med elevar frå Hyllestad og Fjaler kulturskule og UWC som avslutning på fasteaksjonen.

**Skjærtorsdag 14. april**  
**Guddal kyrkje kl. 19.00**  
 Gudsteneste.

**Langfredag 15. april**  
**Dale kyrkje kl. 19.00 Langfredag**

**Påskedag 17. april**  
**Dale kyrkje kl. 11.00**  
 Høgtidsgudsteneste. Cantus deltek.

**Folkestad bedehuskapell kl. 18.40**  
 Orgelkonsert nr 6 av Händel v/ Mark Taylor.

**Folkestad bedehuskapell kl. 19.00**  
 Høgtidsgudsteneste.

**Kyrkjeblad for Fjaler**  
 Kontonr. 3741 20 73135  
**Bladpengar kr. 250 / 300 for året.**  
**Redaktør:** Joy Taylor  
**Prent:** Ingvald Husabø Prenteverk a.s.  
**fjaler.kyrkjeblad@gmail.com**

**Kyrkja i Fjaler**  
[www.fjaler.kyrkja.no](http://www.fjaler.kyrkja.no)

Fjaler kyrkjekontor  
 Dalstunet  
 Dalsvegen 105A  
 6963 Dale i Sunnfjord  
 Tlf. 57 73 97 70



**Kyrkjekontoret er ope**  
 måndag-torsdag kl. 9.00-14.00  
 fredag kl. 9.00-12.00  
 Er det lys etter stengetid, kom gjerne innom!  
 Ved oppdrag og ferie kan du oppleve  
 kontoret stengt også når det skulle vore ope.

**Tilsette med kontorplass:**  
**Sokneprest Knut Arne Kummenje**  
 jobb: 57 73 97 75, mobil: 908 55 230  
**knakum@fjaler.kyrkja.no**

**Kyrkjeverje Irene Fløde**  
 jobb: 57 73 97 71, mobil: 992 38 420  
**kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no**  
 mandag, onsdag, torsdag og fredag

**Kantor Mark Taylor**  
 jobb: 57 73 97 74, mobil: 975 13 449  
**kantor@fjaler.kyrkja.no**  
 Kantor har fri kvar torsdag

**Sekretær Joy Taylor**  
 jobb: 57 73 97 72, mobil: 911 71 745  
**kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no**  
 tysdag og fredag

**Kyrkjetenarar:**  
**Guddal kyrkje**  
 Anne Brit Mo tlf: 950 21 424

**Hellevik- og Folkestad bedehuskapell**  
 Anne Brit Mo tlf: 950 21 424

**Vedlikehald av Hellevik og Folkestad gravplassar** Jostein Folkestad

**Fjaler sokneråd**  
**Leiar Trude G Høgseth Felde** tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn  
 Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad  
 Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

# Gåver med omtanke



Julepynt fra Madagaskar kan du kjøpe hos NMS, foto Marit Mjølsneset.



I Kirkens Bymisjon sin nettbutikk har dei mykje fint lagd av menneske som av ulike grunnar fell utanfor den ordinære arbeidsmarknaden. Foto Kirkens Bymisjon

Julegåver er kjekt å gje og kjekt å få, og med litt ekstra omtanke blir dei endå betre, både for mottakaren og for miljøet. Kortreist er sjølvsagt bra. Vi bør støtte lokale bedrifter ved å handle i heimkommunen. Opplevelingar blir også fine gåver. Det kan vere konsertbillettar, gåvekort på kafé, utlån av hytte,

kinobesøk i lag ... og mykje meir. Kva med å gje vakk ein oppskrift med ingrediensar på Norgesglas, eller garn og strikkeoppeskritt med avtale om opplæring og hjelp til montering? Det kan vere flott å få eit gåvekort på heimelaga middag (som de et i lag), husvask, hagearbeid eller barnepass. Hør

gjerne med mottakaren om det er noko dei har lyst på eller treng.

På kirkensbymisjon.no og nms.profundo.no kan du kjøpe nydelege handlagde gåver som er med på å støtte arbeidet deira og skape viktige arbeidsplassar.

# Gåver som forandrar verda

## [gaversomforandrerverden.no](http://gaversomforandrerverden.no)

### Kva er ei symbolisk gave?

Når du kjøper en symbolisk gave, får du eit gåvekort som du kan fylle ut med ei personleg helsing og gi vidare til den som skal få gava. Du kan velje om du vil motta ferdigtrykt gåvekort i posten, eller om du vil få tilsendt ein e-post og skrive ut kortet sjølv (det siste er veldig kjekt om du er seint ute med gåveinnkjøp).

### Kva går pengane til?

Symbolgåvene er reelle eksemplar på Kirkens Nødhjelps arbeid. Pengane frå gava di vil bli brukt til å støtte dei som treng det mest. Vi

har kontinuerleg fokus på å halde administrasjonskostnadene låge. I 2016 gikk 88,6 % av våre midlar til arbeidet ute.

### Skattefradrag

Kjøp av symbolske gåver (gåvekort levert i posten eller på e-post) blir rekna som støtte til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. I 2021 kan du få frådrag i skattepliktig inntekt for gåvekjøp med ein verdi på 500 kroner eller meir. Kjøp av fysiske produkt i nettbutikken gir ikkje rett til skattefrådrag.



Maud Angelica Behn har laga årets geit for Kirkens Nødhjelp.